

Vedlikehaldsarbeid ved Storbrua i Stranda

Stranda kommune vil med dette informere om at det er gitt løyve til følgjande:

Søndagar mellom 07:00 og 18:00 i perioden 01.02.22 – 15.04.22: I dette tidsrommet kan det utførast lite støyande forskalingsarbeid på pilarar i elv.

Måndag t.o.m. laurdag 04:00-07:00 og 19:00-23:00 i perioden 01.02.22 – 15.04.22 : I dette tidsrommet kan plastringsarbeid gjennomførast dersom det er heilt naudsynt grunna fjøre sjø, jf. tidevasstabell.

Dette er gjort med bakgrunn i samfunnsinteressene til tiltaket og omsyn til laks, fjøre sjø og flaum.

Vi vonar at dei som vert berørt av støy i samband med dette er positiv og prøver å vere tolmodig i denne perioden. For ytterlegare spørsmål kontakt kommunalsjef plan og utvikling, Einar Lied, tlf. 46411004. Dei næraste naboane vert varsla via SMS.

Ber om at eventuelle klager vert sendt til post@stranda.kommune.no.

Rammene for arbeidet er at det har vore utgraving av terskel nedstraums som skal halde massene på plass ved brua. I tillegg er det naudsynt med meisling/påstøyp på pilarane i elva. Arbeidet er såleis naudsynt for å sikre brua og gjere utbetringar samstundes som ein aukar levetida med 60 år eller meir. Av omsyn til laksen i elva kan ein ikkje utføre arbeid anna enn i perioden 01. desember – 15. april. Vidare ligg tyngda av arbeidsområdet under flomålet og arbeidet må gjerast mest mogleg på fjøre sjø. Steinen som skal brukast må vere av svært stor størrelse, med tilhøyrande store maskiner. Etterjulsvinteren brukar vere utsett for lite flaum, men i år har også flaum medført at arbeidet periodevis måtte stoppast.

Støy vert omhandla i mange lover – i dette tilfellet kan folkehelselova, nabolova, lov om heilagdagsfred, plan- og bygningslova og normalpolitivedtekene gje nokre føringar. Likevel er det retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (M-2061) som gir mest konkrete føringar. Retningslinjene er veiledande, og ikkje rettsleg bindande.

Tabell 4: Anbefalte støygrenser utendørs for bygge- og anleggsvirksomhet med varighet over 6 måneder. Alle grenseverdier gjelder innfallende lydtrykknivå og gjelder utenfor rom med støyfølsomt bruksformål.

Bygningstype	Støykrav på dagtid ($L_{pAeq12h}$ 07-19)	Støykrav på kveld (L_{pAeq4h} 19-23) eller søn-/helligdag ($L_{pAeq16h}$ 07-23)	Støykrav på natt (L_{pAeq8h} 23-07)
Boliger, fritidsboliger, sykehus, pleieinstitusjoner	60	55	45
Skole, barnehage	55 i brukstid		

Døme på støy ved gravemaskin 30-40 tonn, med steinarbeid er 113 dB (tett ved maskin). Vert sjølvsagt redusert med avtand frå maskina.

